



MØTEPROTOKOLL

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Thon Hotel Skei
Møtedato	06.06.2017
Kl.	10:00 – 15.00

Faste medlemmer til stades: Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Magnus Strand, Bente Underthun

Forfall til møtet: Wenche Røkenes

Varamedlemmer til stades: Anita Æsøy

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 24. april og 5. mai vart godkjend utan merknader.

Orientering frå SAFO v/Helge Rønning og FFO v/Geir Liavåg Strand om tema som desse to brukarorganisasjonane meiner er viktige. Fylkesrådet tek ansvar for å invitere til ein dialog med SAFO og FFO pr. år.

Fylgjande skriv vart lagt fram til orientering:

Meldesak 1) Tilgjengelighet kultur - Norge – Prosjektet « Gode kulturopplevelser for alle»

Norske konsertarrangørar har fått støtte til vidareføring av prosjektet «Tilgjengelighet Kultur - Norge». Det vil seie at fleire kulturarrangørar, gjennom opplæring, kan bli inspirerte til å gjere sitt kulturarrangement tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsevne. Informasjonen om prosjektet er vidareformidla til kultur - og næringsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Meldesak 2) Opprop frå råd for eldre og funksjonshemma i Selje om urettferdig nettleige

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje, reagerer sterkt på at nettleiga varierer mykje i dei ulike områda rundt om i landet, og krev at myndighetene snarleg syter for at nettleiga vert lik, uansett kva område straumbrukarane bur i.

Meldesak 3) Årsmelding frå rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune 2016

Årsmeldinga frå rådet for eldre og funksjonshemma i Gaular kommune er vidareformidla til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesrådet for eldre og Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane.

Meldesak 4) Pasientens legemiddelliste

Helse og omsorgsdepartementet har sendt ut forskriftsendringar på høyring. Med pasienten si legemiddelliste meinast ei einheitleg og oppdatert oversikt for den enkelte si legemiddelbehandling.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sender inn fylgjande uttale:
Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar hensikta og ser nødvendigheita med å lage ei legemiddelliste for pasientar, men det er viktig med digital sikkerheit, slik at uvedkommande ikkje får tilgang til sensitive data. Det er viktig at pasienten får medisinen som dei treng.

Meldesak 5) Ymse

Neste møte 20. september – vert planlagt å ha oppstart kl. 13.00 19. september og avsluttast kl. 13.00 20. september. Møte vert sannsynlegvis i Gaupne, der det vert synfaring hos Lustrabadet og skule/barnehage, med universell utforming som tema. Odd Atle planlegg aktuelle stader for synfaring, saman med sekretariat.

SAK 9/17 Arbeidsplan 2016 - 2019 - oppfølging av sak i møte 9. februar 2017 Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedtak:

Arbeidsplanen vert teke til orientering

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Arbeidsplanen vert teke til orientering

SAK 10/17 Høyringsutkast frå Gaular kommune til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester - kriterie og venteliste

Uttale skrive i møte:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheims plass:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheims plassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheims plassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at hovudregelen bør vere einarom til pasientane. Samstundes er det viktig at det vert teke omsyn til ektefeller som har ynskje om å dele rom ved langtidsopphald på sjukeheim.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheimplass:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at Gaular kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.

Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.

Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.

Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheimplassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheimplassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at hovudregelen bør vere einerom til pasientane. Samstundes er det viktig at det vert teke omsyn til ektefeller som har ynskje om å dele rom ved langtidsopphald på sjukeheim.

SAK 11/17 Skriv og melding fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 6. juni 2017

Frå sekretariat låg det føre slik tilråding til vedtak:

Tilråding til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Tilråding til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak
-

**SAK 12/17 Uttale til forslag om varig lagring av blodprøvene i
nyfødtscreeningen**

Vedtak:

Inntil videre vert saka teke til orientering.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Inntil vidare vert saka teke til orientering.
